

# STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2018

## VEST-AGDER UNGDOMSLAG

### **Styret:**

Terje Haaland – leiar halve året, så sjukemeld  
Janet Staddeland – nestleiar, så leiar siste halvåret Anne-Beate Guldahl – styremedlem  
Audar Solberg – styremedlem Gunvor Syvertsen – styremedlem  
Hillbjørg Tveit – 1. varamedlem Cesare Sciardi – 2. varamedlem

### **Administrasjon:**

Borghild Løver: Skrivaroppdrag mm. Tor Steinar Fromreide: Kasseraroppdrag.  
Kontorstad: Vigelandstua, kontor/møtelokale leigd hjå Lindesnes Ungdomslag

### **Medlemstal:**

31. desember	Totalt	Under 26 år	Over 26 år
2018	997	296	701
2017	965	296	669
2016	992	295	697
2015	933	295	632
2014	914	302	612
2013	867	276	591
2012	835	247	588
2011	844	242	602
2010	1040	321	719
2009	1133	376	757
2008	1027	306	721
2007	995	293	702
2006	1043	319	724
2005	1057	287	770
2004	900	176	724
2003	821		

Tala er henta frå [www.webmedlem.no](http://www.webmedlem.no) og [hypersys](http://hypersys). Omlegginga til nytt medlemssystem i 2011 (hypersys) gjorde medlemstala noko lågare.

### **Møte:**

Styret har hatt 7 styremøte (inkludert eit kort styremøte like i etterkant av årsmøtet), i tillegg til eit arbeidsmøte mellom leiar og skrivar. Eitt møte var på Åstun på Kvås, eitt på Mållagsbygget i Kristiansand og resten på Vigelandstua. Det siste møtereferatet enda med det 57. punktet på saklista.

### **Årsmøtet:**

Torsdag 22. mars 2018 var det årsmøte på Mållagsbygget i Kristiansand hjå BUL-Kristiansand. Dei sytte for framifrå gryterett med ris og salat. 33 utsendingar frå 15 lokallag og styret pluss skrivaren og kasseraren møtte fram, totalt 39 personar. Ein var utan røysterett: Skrivaren (Borghild Løver). Blant dei røysteføre var fondstyret, Agder folkemusikk- og folkedansnemnd og valnemnda representert.

**Heidersmedlemer:** Våre to heidersmedlemer er Brit Versland og Olav Molland.

**Tal lag:** VAUL har 22 aktive lag jfr. Hypersys. Åseral UL melde seg inn i løpet av 2018. Alle i styret er under 26 år, dessutan er to av styremedlemene ungdomsskuleelevar.

## Gjennomføring av arbeidsprogram 2018

### Organisasjon og ymse; styret sitt arbeidsområde

#### 1. Tilby utdanning og kurs til (fylkes)tillitsvalde (i samarbeid med nemndene)

##### Gjennomført:

- **Storkurset på Strand hotell i Fevik, Aust-Agder 2. -4. feb.:** Terje Haaland, Janet Staddeland, Hillbjørg Tveit, Anne Beate Guldal, Gunvor Syvertsen, Toralf Skoland, Svein Jepsen, Arild Syvertsen, Borghild Løver.

#### 2. Vere representert på landsrådsmøte, landsmøte, fagseminar, storkurs og andre viktige samlinger (i samarbeid med nemndene)

##### Gjennomført:

- **Frukostmøte med Telemark, Rogaland og Aust-Agder UL søndag 4. feb. i Fevik:** Terje Haaland, Hillbjørg Tveit, Gunvor Syvertsen, Janet Staddeland og Borghild Løver møtte.
- **Årsmøte i VABUR 22. mars:** Birger Poulsen
- **Landsmøte i Noregs Ungdomslag i Oslo 27.-29. april:** Eirin Stave Anderssen, Janet Staddeland og Sverre Grindheim
- **Årsmøte i Studieforbundet Kultur og tradisjon 15. mai:** Kari Mysen og Tor Steinar Fromreide.
- **Nordsjøfestivalen i Farsund 1. sept.:** Brit Versland hadde kontradansball
- **Møte om Regionplan Agder 2030 i Vest-Agder fylkeskommune 11. okt.:** Tor Steinar Fromreide
- **Landsrådsmøte i Oslo 26.-27. okt.:** Borghild Løver
- **Speltreff i Kristiansand med Folkorg 3. nov.:** Gunvor Syvertsen og Hillbjørg Tveit
- **Seminar om dansearrangement i Oslo 9. nov.:** Janet Staddeland, Gunvor Syvertsen, Hillbjørg Tveit og Anne Beate Guldahl.

##### Ikkje gjennomført:

Årsmøte i L/L Det Norske Teatret i Oslo i april: Ingen reiste frå VAUL på dette.

#### 3. Sponse til saman 4 personar frå lokallaga på regionale/sentrale kurs (til dømes fagseminar)/utdanningstilbod - med høgst prioritering for dei under 26 år (styret/lokallaga)

Gjennomført: VAUL skipa til hallingkurs for ungdom 9. og 23. april på Vigelandstua.

#### 4. Støtte lag som sender ungar på barnleik det året dette vert tilskipa (kvart fjerde år)

Ikkje aktuelt: Det var ikkje barnleik i år.

5. Støtte ungdom som vil reise på NU sin sommarleir/folkekulturfestivalen (i samarbeid med lokallaga): Gjennomført: Linn Therese Solberg, Chanel Solberg, Azizi Azizullah og Iris Pronk.

#### 6. Støtte lag økonomisk som sender folk på storkurs

Gjennomført: 6 stipend à 1000 kr gjekk til laga med dei yngste deltakarane.

#### 7. Støtte lag økonomisk i høve aksjon lokallag og i høve aktivitetstilskot

##### Gjennomført desse løyvingane:

Hausten -17: Greipstad UL 3.000 kr, Kvås UL 3.000 og Lista UL 3.000 kr

Våren -18: Greipstad UL 3.000 kr, Marnardal UL 3.000 kr og Kvina UL 3.000 kr

Hausten -18: Åseral UL 3.000 kr, Søgne UL 3.000 og Framsteg UL 3.000 kr

---

### **Aksjon lokallag:**

I 2013 fekk Marnardal UL 15.000 kr i 3 år, og Framsteg UL 10.000 kr.

I 2014 fekk Holum UL 15.000 kr i 3 år og Lista UL 10.000 kr.

I 2015 fekk Lista UL 15.000 kr i 3 år og Kvina UL 10.000 kr.

I 2016 fekk Greipstad UL 15.000 kr i 3 år og Søgne UL 10.000 kr.

I 2017 fekk Marnardal UL 15.000 kr i 3 år og Kvina UL 10.000 kr.

I 2018 fekk Kvås UL 15.000 kr i 3 år og Hægeland UL 10.000 kr. Styret har vore på synfaring hjå laga med løyving for tre år.

### **8. Støtte lag økonomisk som ynskjer å skipe til barnestemne**

**Gjennomført:** Det var ikkje barnestemne i 2018, men VAUL sponsa ungdom som ville reise på sommarleir.

### **9. Gje målretta organisasjonskurs til lokallag – der heile styret er deltakande**

**Delvis gjennomført:** Kurslærer er hanka inn og iallfall eitt lag har sagt ja.

### **10. Hjelpe laga som treng det med HMS-arbeid**

**Gjennomført:** Deling av erfaringar med lagshusutleige til ungdomsfestar.

### **11. Halde ved like fylkessamarbeid når det gjeld tilskipping av barnestemne;**

**Ikkje gjennomført:** Det var ikkje barnestemne dette året.

### **12. Auke bruken av digital blesting (heimeside, fjesboka mm)**

**Delvis gjennomført:** Fjesboka blir brukt.

### **13. Gje ut 2-3 utgåver av Unge Agder (i samarbeid med redaksjonsnemnda)**

**Delvis gjennomført:** Det kom ut 1 utgåve av Unge Agder i 2018.

### **14. Skipe til eitt samrådsmøte/temamøte viss behov for det**

Ikkje behov for dette i 2018.

### **15. Halde kontakt med lokallaga, mellom anna ved telefonkontakt og post/e-post, møte ++**

**Gjennomført:**

- Telefonkontakt av styret/skrivar
- Utsending av post og e-post
- Møte og synfaring med Kvås UL
- Delta på dei jubilea og tilskippingane i lokallaga som fylkeslaget vert innbeden til: Janet Staddeland og Borghild Løver deltok på Greipstad UL sitt 100-årsjubileum på Songtun 17. november.

### **16. Skipe til fylkesfinalen i Kven Veit (i samarb. med fjorårets vinnarlag, UL Fram)**

**Gjennomført:** Kven Veit fylkesfinale vart skipa til på heradshuset Brandsvoll hjå UL Fram i Finsland søndag 18. mars, med 6 påmelde tevlingslag: Holum UL, to frå Lindesnes UL (Nummer 1 og Elite), Marnardal UL, Lista UL og UL Fram. UL Fram tok dermed 3. nippet i pokalen, og fekk han til odel og eige. Spørsmåla var laga av Harald Samuelsen, og dei var nett passe i vanskegrad.

### **17. Tilby bunadinformasjon til lokallaga**

**Gjennomført:** Bunadkontakt er Dag Olav Hagen.

---

## **18. Kontradanssamlingar/kurs (ansvar Brit Versland)**

### **Gjennomført:**

Det har vore 4 sundagsøvingar på Ljosheim i 2018: 28. jan., 25. feb., 15. april, 19. aug., alle under leiing av instruktør Brit Versland. 6-8 par har møtt fram kvar gong. Seks par hadde Franseseframsyning på Amfi Farsund laurdag førmiddag under Nordsjøfestivalen 1. sept. Fire par dansa dei tre fyrste turane av Lanciers frå Vardø på jubileumsfesten vår 28. desember. Dette året var siste året for kontradansgruppa leia av Brit Versland i si noverande form.

## **19. Ball på Husan under Nordsjøfestivalen**

**Gjennomført:** Brit Versland leia ballet på Husan kalla Canselliraadens bal på laurdagskvelden (1. sept.) under Nordsjøfestivalen i Farsund, med 36 deltakarar. Musikken stod ChristianiaThour- og Runddansensemble for, med Norske Mandoliner og Gitarer som gjestemusikarar.

## **20. Samkøyre lovene til VAUL med NU-lovene**

**Gjennomført:** Styret sette ned ei nemnd på tre personar (Søren Seland, Olav Molland og Borghild Løver), som laga framlegg på nye lover.

## **21. Utarbeide liste over instruktørar og spelemenn rundt om i fylket**

**Delvis gjennomført:** Nokre namn er hamna på lista, men me treng fleire.

## **22. Markere 125-årsjubileum**

**Gjennomført:** Det vart laga ein **jubileumsfilm** der alle lokallaga hadde om lag 5 minutt med film frå aktivitetane deira. I tillegg var det filma frå fylkeslagets aktivitetar i jubileumsåret 2018. Andreas Ougland, Borghild Løver m.fl. stod for filminga. Filmen var eit slags tidsbilete inn i lokallaga, og alle laga fekk eitt eksemplar av filmen.

**Jubileumsfest** med totalt 125 gjester vart skipa til den 28. desember på Vigelandstua. Heile styret i lokallaga var innbedne, pluss tillitsvalde, tidlegare leiarar, NU, Vest-Agder Mållag, fylkeskommunen, Telemark UL, Aust-Agder UL, Rogaland UL, Kristiansand Spel- og dansarlag og spelemannslaga på Agder. Framsyning av film, hallingdans, springedans frå Fjotland, kontradans, styresketsj, hardingfeleslått, stev og dans stod på programmet, det heile bunde saman av kjøkemeister Janet Staddeland, som gav innblikk i lagssoga til fylkeslaget imellom innslaga. Tradisjonsmatbuffet og dansespel av Godtfolk-gruppa og Toralf Skoland og Margrethe Wold gjorde susen.

## **23. Premie på 1000 kr til kvart lokallag som registrerer e-post og/eller mobilnummer på kvar medlem som er vaksen/ungdom.**

**Delvis gjennomført:** Oppmoding til laga har gått ut.

## **24. Bruke fleire kanalar og måtar til PR og blest enn dei vanlege**

**Delvis gjennomført:** Filminga er gjort; no skal det lagast ein kort filmsnutt på halvtanna minutt for kvart lokallag som kan leggjast ut på fjesboka.

## **Teater; styret sitt arbeidsområde**

### **1. Støtte lag økonomisk som sender folk på kurs og amatørteaterfestivalen (i samarbeid med lokallaga)**

**Gjennomført:** Teaterkurs vart skipa til på kulturhuset i Kvinesdal i samarbeid med UL Kvindølen

### **2. Vere til stades på premierar i lokallaga (styret/lokallaga)**

**Ikkje aktuelt:** Vest-Agder UL har ikkje fått kjennskap til premierar i året som har gått.

### **3. Informere om støtteordningar og NU sitt teatertilbod**

**Gjennomført:** Vidaresendt info og post.

#### **4. Skipe til barneteaterinstruktørkurs her i fylket viss behov for det**

**Gjennomført:** Teaterkurs vart skipa til på kulturhuset i Kvinesdal i samarbeid med UL Kvindølen 13. og 14. oktober.

#### **Anna arbeid:**

1. **Langeleikane til VAUL:** Desse er lagra på Vigelandstua, bortsett frå ein, som Olaf Moen låner.
2. **Felene til VAUL:** Ei fele vert oppbevarte på Vig.stua, ei fele er utlånt til Øyvor Guldal.
3. **Bondeheimenfondet:** Ingen har søkt om lån i 2018.
4. **Gratis utlån:** VAUL har ein sminkekoffert og høgtalar med mikrofon til gratis utlån for lokallaga. For tida er sminkekofferten hjå Kvås UL.
5. **Studieforbundet kultur og tradisjon Vest-Agder:** Kari Mysen er leiar og Tor Steinar Fromreide styremedlem.
6. **Vest-Agder Musikkråd:** Paul Sveinall representerer VAUL her.
7. **Årsmeldingslotteri: 2000 kr i gevinst til heldige Kvina UL, som vert uttrekt blant 12 lag under årsmøtet – som hadde desse kriteria i orden:**
  - Hadde oppretta ny kontingent med medlemsliste for inneverande år (2018)
  - Hadde registrert nytt styre i 2018
  - Var til stades på årsmøtet til VAUL med minst ein representant

**I tillegg vart Øvrebø UL trekt ut til å motta 2000 kr blant ALLE laga som var der.**

#### **Oppsummering av aktiviteten til Kontradansgruppa i Vest-Agder Ungdomslag 1999-2018**

Det heile starta med kurs hausten 1999 og i 2000. Som avslutning på kurset arrangerte Vest-Agder Ungdomslag ball på Husan 18. november i 2000. Det var 57 deltakarar på ballet. Musikk ved Dag Vårdal, Vegar Vårdal, Bjørn Oksnes og Wenche Eikeland. Brit Versland hadde ansvar for dansen.

Hausten 2002 starta kontradanssamlingane på Ljosheim, ungdomshuset til Halse Ungdomslag. Samlingane har vore på sundagar, rundt 8 samlingar pr år, og har halde fram til ballet i 2018. Brit Versland har vore instruktør heile tida. Hjelp til matserving og vask har Halse UL stått for.

Kontradans på Farsund Fjordhotell som arrangement på Nordsjøfestivalen.

I åra 2003 til 2009 var kontradans eit arrangement på Nordsjøfestivalen på Farsund Fjordhotell. Musikk ved Christiania Thour og Runddansensemble. Dansarane stilte i ballklede.

Cancelliraadens Bal på Husan.

I åra 2010 – 2018 har vi gjennomført Cancelliraadens Bal på Husan som ei tilskipping på Nordsjøfestivalen, bortsett frå i 2014, då ballet var på Vestheim. Musikken har vore ved Christiania Thour og Runddansensemble. Brit Versland har hatt ansvar for dansen.

Vi har hatt samarbeid med orkesteret Norske Mandoliner og Gitarer. Dei har spelt til dansen Lanciers frå Vardø på ball i 2010, 2014 og 2018. Dei har òg hatt ein liten konsert på balla.

Framsyning ute i Farsund på Nordsjøfestivalen.

Dei siste åra har dansarar frå Cancelliraadens ball hatt framsyning i Farsund laurdag føremiddag.

I 2018 var framsyninga på Amfi-senteret i Farsund.

Kontradans i programmet Folkelig kraft i Kilden 11.01.2012.

I januar 2012 var kulturhuset Kilden i Kristiansand ferdig. 11 januar stod førestillinga Folkelig kraft på programmet. Åtte par frå Kontradansgruppa deltok i programmet med dei tre fyrste turane av Fransese. Musikken var ved Kristiansand symfoniorkester.

**Kontradansen er ikkje «død» med dette, den går vidare i form av kontradansøvingar i BUL-salen i Kristiansand ved Liv Arvidsson og Osmund Valand Eikeland.**

**Styret i Vest-Agder Ungdomslag**